



Torstein Aarhun er tilsett i stillinga som kyrkjeverje i Kvinnherad.

Det kom fem søkjarar til stillinga som ny kyrkjeverje i Kvinnherad. På møte i Kvinnherad kyrkjelege fellesråd tirsdag 29. september vart Torstein Aarhun (45) frå Valen tilsett som ny kyrkjeverje. Torstein kom til Kvinnherad i 2003, då han tok til som kapellan i Husnes og Holmedal sokn. I 2008 vart han tilsett som personalrådgjevar i Kvinnherad kommune og seinare vart han leiar for seksjon løn og personal på rådhuset.

I 2018/2019 var han ein periode konstituert rådmann. Som kyrkjeverje får Torstein mellom anna leiaransvar, økonomiansvar og driftsansvar for dei 12 kyrkjene og gravplassane i Kvinnherad. Han får òg personalansvar for dei meir enn 30 tilsette som er knytt til det kyrkjelege arbeidet.

Fellesrådet er svært glade for at det kom 5 gode søkjarar til stillinga, og ser fram til at Torstein no skal vidareføra det flotte arbeidet som Erling Niclasen, noverande kyrkjeverje, har gjort.

Tekst: Pressemelding
Foto: Grenda
Nett: Kristian Bringedal